

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke: Sogn og Fj.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Selje

Emne: Drikke til maten

Bygdelag: Stadlandet

Oppskr. av: Olav Hoddevik

Garden: Hoddevik Fære og Avick

(adresse): Vårheim

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Nysilt mjølk har visst jamt over vore like brukt til drykke med unntak at borni har fått silt mjølk. Det har vore vanleg at ein skulle få mest magerleg rjome til smør. Skuma og sur mjølk var for mykje brukt til maten. No brukar ein mykje silt mjølk til kalvane og folk drikke - kaffi, (men og roter mjølk).

2. Som lestedrykke brukte ein ofte surmjølk, for, eller syreblande (Sjå emne nr. 25 punkt 12.)

3. Ein viser til det som ovanfor er nemnt.

4. Gf. Heimebyggja öl, eller öl i det heile, har ikkje vore mykje som kvardagsdrykke i mi heimbygd, Hoddevik, så langt attende eg kan hugsa. Då eg var i konfirmasjonsalderen, 1911, var all ungdom i bygdi og storparten av dei eldre og avhaldsfolk. Og på same tid var det berre to mann i bygdi under 50 som brukte tobakk. Så bra er det ikkje no - dessurre. Det fyrste bryllaup som var halde her i bygdi utan noko slag rusdrykk var i 1903. (Det var bryllaupet til farsyster mi og lektor Wilh. Kvalheim).

5. Kaffi. Dei drakte litt kaffi före 1900-åra

2  
men etter 1900 tok det til å verta vanleg drykt  
til frukost.

7. No brukar ein vanleg kaffi 2 gonger om  
dagen.

8. Den vanlege måten å laga kaffi på  
er å koka opp vatnet, og så slår ein fram  
på kaffien, som ein mel på ei vanleg  
kaffikvern. Det er nok sume som av  
og til spør i kaffigrut; men regler for  
det kjenner eg ikkje til.

9. Det er ikkje vanleg no at ein har sukker  
i kaffien. Men eg sag stundom før at su-  
me - serleg eldre folk hadde sukker i kaffi-  
en. Det var då oftast raffinade, eller farin  
stundom, om dei hadde det, kandis og gla-  
se sukker som dei kjøpte.

10. Det vanlege er visst at ein blandar litt  
fløyte og nysila mjølk saman og har i kaffi-  
en. Men det er nok sume som brukar  
berre nysila mjølk. At ein brukar ost  
eller vispa egg i kaffien, har eg ikkje sett.  
Men eg sag før at sume brukte smør og  
andre sirup i kaffien.

11. Te. Te drikk ein svart litt her i bygdi  
og helst ikkje til kvardags. Lume har laga  
te av karvi.

12. Brennevin. Eg veit ikkje at brennevin  
har vore brukt til kvardags eller i nokre sers  
høve dette hundreåret. Men tidlegare var  
det ofte ein spandert ein dram ved om-  
framt høve arbeid og i sers høve.

Låleis hadde dei den skikk her at no-  
kan-etter tur gjekk til dei nærmaste  
granrane 1. juledagsmorgonen og gav ein  
dram brennevin til dei som ville ha det.  
(Føre mi tid).

13. Nyare drykke.

Ein brukar ikkje noko slag öl selters  
eller brus her i bygdi til kvardags-  
drykke. Om sumaren drikk ein oftast  
vatn, surmjølk eller saftblande,  
(saft i vatn).